



Bekymringsskala – barn og unge

Bekymringsskalaen er eit reiskap som skal hjelpe deg å avklare kor bekymra du er for eit barn eller ein ungdom. Skalaen er eit arbeidsverktøy som viser deg kva du kan legge vekt på i vurderinga av problema til barnet eller ungdommen. Ved hjelp av bekymringsskalaen kan du i samarbeid med andre medarbeidarar gi ei klar og fagleg vurdering av ein vanskeleg situasjon.

Det er viktig å huske at problema til barnet / ungdommen på ulike tidspunkt i livet kan få forskjellige plasseringar på skalaen. Vurderinga di dannar eit bilet av augneblikket. Barnet / ungdommen kan vere i ein belastande situasjon (til dømes skilsmissa eller dødsfall i familien) og reagerer med åtferd som vekker bekymring i ein periode.

Det er også viktig å huske på at skalaen er eit internt verktøy som skal hjelpe deg til å utføre best mogleg skjønn. Når du og leiaren din har vurdert graden av barnet sine problem, må de difor avgjere kva de vil gjør vidare.

Husk alltid å involvere foreldre/føresette, **med unntak av ved mistanke om vald og overgrep.**

Sjå også rettleiar «Vold i nære relasjoner – for deg i kontakt med barn og unge» Symptomer på at barn og unge er utsatt for, eller vitne til vold:

<http://www.tromso.kommune.no/vold-i-naere-relasjoner.244323.no.html>



Bekymringsskala – barn og unge				
Ver merksam		Grunn til bekymring		
Barn og unge som trivst	Barn og unge med redusert trivsel	Barn og unge med spesielle behov	Barn og unge med behov for spesiell støtte	Barn og unge i risiko for varig skade
Barnet utviklar seg «normalt», både sosialt, emosjonelt, fysisk og intellektuelt – med vanlege svingingar i trivselen som naturleg følgjer med.	Barnet er utsatt for lette, men konstante belastningar og viser teikn på at noko er gale. Barnet er utsett for ein større, men forbigåande belastning og viser teikn på at noko er gale. Barnet kan vere påvirka psykisk eller sosialt av ei bestemt hending.	Utfordringane er av langvarig karakter. Medfødt eller erverva fysiske og/eller psykiske utfordringar. Barnet viser tydelige teikn på at det har behov for bistand. Barnet gir signal i form av psykiske reaksjonar som åtferdsreaksjonar m.m.	Barnet er utsatt for langvarig tung belastning og viser svært tydelige teikn på mistriksel. Barnet fungerer svært dårlig og utviklar seg i negativ retning på fleire utviklingsområder. Barnet har vanskeleg for å knytte seg til eller skape relasjonar til andre barn eller vaksne.	Barnet sender dagleg signal om forsinka utvikling som følgje av omsorgssvikt. Barnet mistrivst sterkt: <ul style="list-style-type: none">- Har psykiske lidinger- Er kontakt-svak- Misbrukar rusmiddel og/eller utfører kriminelle handlingar
Foreldreomsorga er god. Foreldra søker rådgiving viss barnet i ein periode ikkje trivst. Foreldra søker kanskje hjelp ved å kontakte helsesøster, lege, barnehagen, skulen, m.m.	Foreldra nyttegjer seg råd og rettleiing frå lærarar, barnehagelærarar, helsesøster, etc.	Foreldra si omsorg er god (med omsyn til barn med funksjonsnedsettingar eller) Foreldra si omsorg er konstant eller midlertidig redusert.	Foreldra si omsorg er redusert i så høg grad at familien ikkje kan handtere belastningar som oppstår.	Foreldra si omsorg manglar heilt og er sterkt prega av personlege, psykiske, sosiale, økonomiske og/eller andre krevjande faktorar.
Utfordringane skal løysast på tenestestaden.	Utfordringane krev bistand frå andre			Utfordringane skal løysast hos spesielle tenester.
Nivå 1	Nivå 2			